

Osingen

Lokalhistorisk årsskrift 2012
Utgjeve av Os mållag
28. årgang

Populærmusikk frå Osbygda



Nyare gamledagar



*Osing skreiv
litteraturhistorie*



Solid Saborg-støtte



Bygdedans, danseband og andre bandar	3
Reinsdyr fekk losji i Os	8
Motstandsørsla i Os – solid støtte for Saborg	9
Hans Olaf Hansen, forfattere av den første norske litteraturhistoria	14
Med kortklipt hår, kloggar på beina og beinet under stanga – oppvekst i nyare gamledagar	17
Barnesider	20
Hundreårsjubilanten Ivar Tvedt (1912-1998)	22
Djupnesyn	24

GODE LESAR!

Dagane går og vert til år, og utan at vi merkar det så rykkjer tiår for tiår opp ein divisjon og blir ”før i tio”. Brått er vår oppvekst, vår ungdomstid blitt gamledagar. Denne erkjenninga kjem ofte sist til dei som er born av denne tida.

I årets utgåve av Osingen har vi tatt ei tidsreise til syttiåra og åttitalet, som har denne motstridande, unngamle sjarmen ved seg: Det var jo nettopp. Eller?

Spranget er stort til 1843, då Hans Olaf Hansen – forfattere av den første norske litteraturhistoria – vart fødd i Kvalessund på Innerøya.

Det er ikkje sett punktum for historia om motstandsarbeidet i Os under andre verdskrig. Nytt kjeldemateriale og nye auge som ser, kompletterer krigshistoria og gjev eit meir nyansert og kanskje meir rettvis bilete av den norsk motstandskampen.

Osingen er inno m tre hundreår i denne utgåva. Ungdomsnovelle og barnesider frå Hegglandsdalen skule representerer vår tid.

Osingen har ein trufast skare av annonsørar. Dei fleste har vore med oss i ei årrekke. Ein spesiell takk til Lyssand gartneri som er årets hovudsponsor.

Pris kr 50,-

Osingen vert gjeve ut av Os mållag.

Marie Hauge, Mari Lyssand, Terje Bøthun og Elfrid Moberg sit i skriftnemnda for årets utgåve. Hege Iren Svensen har stått for bladbunaden.

Osingen er trykt i 1500 eksemplar hos A2G.

Kontakt: marie.hauge@imr.no. Høyr gjerne frå deg dersom du har tips til spennande saker eller sjølv har lyst til å skriva i Osingen.

Bygdedans, danseband og andre bandar



Trixie var tidleg ute med kvinneleg frontfigur, som var sjeldsynt blant dansebanda til langt ut på åttitalet. Karin Daviknes i ein feminin versjon av den fargerike bandbunaden. Ho er flankert av Trond Sjøbø (t.v.), Jan Tore Øvre-dal og Kjell Rosvold. Hans Bjørn Bakketeig bak trommesettet.

På 1960- og 1970-talet gjekk alle på dans, og det ga ypparlege vekstvilkår for unge, til dels svært unge, rockespirer. Tenåringane i Os-bandet Trixie var blant dei som greip sjansen og la ut på den smale, og tidvis farefulle landevegen frå ungdomshus til ungdomshus i Hordaland.

Det er natt til 18. mai 1976. Trixie må ha politiskorte ut av Dale, den vesle industrikommunen nett aust for Bergen. Ordensmakta følgjer med til Vaksdal før bussen med dei fem nokså bleike bandmedlemmane får fortsetja åleine. Det er stille i bussen. Lenge.

Klassifest og sokkedans

Meir om 17. mai-tumultane på Dale seinare. Vi går tilbake til Mobergshaugane og starten på det heile. I 1970 brukte unge Hans Bjørn Bakketeig konfirmasjonspengane sine på eit skrap av eit trommesett. Strengt tatt kunne han ikkje spela, men ungguten hadde gehør og – skulle det visa seg – ein musikalsk kameratflokk. Bandet Trixie (namnet kjem rett nok nokre år seinare) såg dagens lys og talde, forutan Hans Bjørn Bakketeig, Jan Tore

Øvre-dal, Rune Espenes og Rune Herdlevær. Dei to sistnemnde var berre med ei kort stund. Repertoaret var rimeleg tynt i byrjinga, men godt nok til at det kvalifiserte til spelejobb på klassefestar og ein og annan sokkedans.

”Den første forsterkaren var eigentleg den omkopla radioen til ein av bandmedlemmane si bestemor”

Bass på plass

Men noko mangla. Bass. Eller kanskje først og fremst ein bassgitarist. Trond Sjøbø vart hanka inn. Bass hadde han aldri spelt, men han sa seg villig til å prøva, og stilte på første øvinga med ein gitar. Så fekk dei med eit keyboard traktert av Kjell Rosvold. Siste tilskot

til stamma var Steinar Moberg, som var med og spelte gitar ein periode.

Kjellaren til Hans Bjørn Bakketeig sine foreldre i Midtskogvegen tente som øvingslokale ein eller fleire gonger i veka. Dei skarve kronene som gutegjengen tente på spelejobbane vart straks pløgde inn att i bandet. Og var det ikkje pengar, så fekk ein vera kreativ. Den første forsterkaren var eigentleg den omkopla radioen til ein av bandmedlemmane si bestemor.

Tekst og tone på gehør

Inspirasjonskjeldene var Elton John, Hollies, Credence og Abba for å nemna nokre. For, som det stod å lesa i ein seinare omtale av bandet, nokon fast spelestil ville Trixie ikkje binda seg til:

”Gammelt Beatles-stoff er også på programmet, til tross for at medlemmene kun er i 18–19-årsalderen”.

Melodiane tok dei på gehør, men tekstane var det litt verre med. Dei vart også lært etter gehør. Songane vart spelte på platespelaren, og så var det å stoppa spelaren for kvar strofe og skriva ho ned etter beste evne. Engelsk-kunnskapen strekte ikkje alltid til, men då kunne ein alltid vera kreativ og sluka ordet eller leggja inn ein pause.

Får proff agent frå Bergen

På midten av 1970-talet hadde Trixie funne si form, og dei neste åra var også høgdepunktet i karrieren. Dei vart nummer ni i konkurransen Bergens beste band i 1975. Året før fekk bandet manager. Dei hamna i stallen til bergensaren Trond Bjarke som dreiv TBK, eit anerkjend konsertbyrå. Då tok det ikkje så lang tid før dei proffe spelejobbane dukka opp. Det fire mann sterke bandet hadde fått med seg den unge og talentfulle solisten Karin

”Langt hår og eit offensivt kinnskjegg var obligatorisk”

Daviknes. Den nye frontfiguren var ei stund i yngste laget for ein del av dei etablissementa der Trixie spelte, så ho måtte ha spesialløyve frå arrangøren for å få lov til å opptre.

Tidsriktige sceneantrekk

Med aukande etterspurnad kom også aukande forpliktingar for tenåringane i Trixie. Det var ikkje lenger godt nok å stilla på scenen med det dei tilfeldigvis hadde kledd på seg den dagen. Det første bandantrekket tok i sanning pulsen på den, vil nokon hevda, smaklause tidsepoken. Tettsitjande, langsnippa skjorter med storblomstrete mønster i turkis, rosa, gult og lysegrønt på svart botn. Buksene var også kroppsnære, men munna ut i ein sleng romsleg nok til eit par solide platåsko. Langt hår og eit offensivt kinnskjegg var obligatorisk. Ein liten peikepinn på Trixie sin flying start på stjernehimlen: Dei vart tidleg sponsa av Kleshengeren, den tidas kulaste klesbutikk i Bergen.

Stas å spela på Rosenkrantz

Dei neste åra spelte Trixie på så godt som alt som fanst av ungdomshus i Hordaland. Ekstra




Før dei fekk buss, reiste Trixie rundt i ein velbrukt Hanomag med tilhengjar. Bandbussen var innreidd med køysenger, men det var ikkje nok til alle, så sistemann måtte snu i døra og finna seg soveplass annan stad. Framme f. v.: Hans Bjørn Bakketeig, Karin Daviknes og Kjell Rosvold. Våghalsane i frontruta er Trond Sjøbo (t.v.) og Jan Tore Øvredal.

HJELP FRÅ HØGARE MAKTER. Det hjalp kraftig på imaget då Trixie kunne byta ut den gamle Hanomagen med ein eigen bandbuss. Bussen mangla hydraulikk og snigla seg av garde på smale vestlandsvegar. I oppoverbakkane var det ikkje aktuelt å stoppa opp og svinga inn til sida. Dei som låg bak måtte pent slå seg til ro til bakken var unnagjort og det gjekk an å passera. Hans Bjørn Bakketeig minnest best ein gong dei skulle nedover ein bakke med bussen.

– Vi skulle spela til dans i Fotlandsvåg på Osterøy. Det var midt på vinteren og isete, glatte vegar. Vi hadde køyrt feil veg og kom til Fotlandsvåg nedover ei såpeglatt brekke. Pensjonatvertinna som skulle husa oss, stod i vindauga og såg oss koma nedover liene, farleg nær støypekantane. Vi klarte ikkje svingen, men det gjekk utruleg nok bra med både buss og passasjerar. Vel framme på pensjonatet fortalde vertinna at ho hadde vend seg til høgare makter då ho såg den halsbrekkande turen. Men det var ikkje oss ho hadde bedd for:

«Eg la meg på kne og bad om at det måtte bli dans i Fotlandsvågen i kveld.»



Stilen var upåklageleg då Tornado gjorde kometkarriere tidleg på sekstitalet. Dei fire musikarane supplerte konfirmasjonsdressen med tversoversløyfe og dårelukk. Etter kvart fekk unggutane også skikkeleg dreis på dei synkroniserte dansestega som kjenneteikna eit ekte shadow-band. Frå venstre: Walfred Nøss, Harald Fosså, Jan Haaland og Henry Flåten (avliden).

TORNADOBUSSENS SISTE REISE. Tidleg på 1960-talet fann det stad eit skifte i dei tradisjonelle bygdansane. Dei trauste trioane med trekkspel, gitar og kontrabass måtte vika plassen for unge band som spelte rockemusikk frå dei engelske og amerikanske hitlistene. I Os vart fire 14–15-åringar ambassadørar for den nye tida. Med bandet Tornado trekte dei fulle hus før dei var ferdige med ungdomsskulen. Tornado var først og fremst kjent som eit shadow-band (frå engelske The Shadows som spelte instrumentale låtar med tre gitarar, bass-, rytme- og sologitar, og trommer). Musikk frå den tidlege Elvis Presley, Cliff Richard og Chuck Berry stod også på repertoaret.

Frå 1960 og dei neste fire åra spelte unggutane i Tornado til dans meir eller mindre kvar einaste laurdag. Dei første åra brukte bandet offentleg transportmiddel, og det var til tider berre med eit naudskrik at dei nådde bussen som vart praia utanfor huset til bandmedlem Henry Flåten. Bussen stoppa sjølv om det ikkje var haldeplass der, og med stort tolmod venta sjåfør og passasjerar på at gutegjengen, gjerne i fleire omgangar, fekk lessa om bord instrument og utstyr som dei oppbevarte heime hos Henry Flåten. Etter spelejobben var det same prosedyre; berre i motsett køyreretning.

På tampen av karrieren fekk Tornado eigen bandbil; ein velbrukt varebil med skyvedører på begge sider. Jan Haaland fortel om den noko spesielle skjebnen Tornadobilen fekk:

– Vi hadde spelt til dans i skyttarhuset på Stend. Ein kar frå Kalandseid fekk skyss med oss heim. Han var kanskje det vi kan kalla litt enkel, men svært interessert i bilar. Tornadobilen lak frå radiatoren og på Hamre byrja bilen å koka. Sjåføren henta vatn i Kalandsvatnet og snart gjekk bilen som ei klokke igjen. Passasjerer vår vart mektig imponert; spesielt då vi kunne fortelja at denne bilen gjekk godt på vatn. Sidan vart bilen ståande parkert hos Henry Flåten. Lenge etter dansen på Stend dukka kalandseidingen opp heime hos Henry. Han møtte på faren og bad om ei bøtte vatn. Det fekk han. Etterpå var både fyren og bilen vekke: berre bøtta stod igjen. Vi såg ikkje meir til bilen, men vart seinare fortald at han var observert på isen på Kalandsvatnet – om lag der vi i si tid hadde henta vatn til radiatoren. Bilen forsvann då isen smelta; og sidan har ingen sett han. Truleg ligg Tornadobilen på botnen av Kalandsvatnet den dag i dag.

ærefullt var det å spela på danserestaurantar i Bergen. På stader som Hotell Rosenkrantz kom publikum, i større grad enn kva som nok tidvis var tilfelle for bygdansane, for

å dansa og høyra på bandet. Vakthaldet var også meir sofistisert enn på dansane. Eit oppdrag på Rosenkrantz var kvalitetsstempel for banda. Helgejobbar på høgfjellshotell eller

andre etablerte spelestader var heller ikkje å forakta. Fjellheim hadde god plass og stor scene og var rekna som ein bra plass å spela, sjølv om temperaturen i storstova i Os tidvis

Salty Dog

Bergensbandet Salty Dog hadde stor suksess på heile åttitalet, og dei fekk også vist seg fram utanfor landets grenser. Guri Nesse var med i sju år, berre avbrote av ein eittårig turné med den amerikanske ungdomsrørsla "Up with People". Salty Dog heldt seg med to kvinnelege vokalistar, og her har Guri Nesse (i midten) med seg Janne Halvorsen. Dei to gifta seg seinare med kvar sin bandmedlem; brørne Bjarte og Einar Stølsbotn (til venstre). Til høgre står Bjørn Kåre Berntsen og Jan Bjørke.



Foto: Vidar Trellevik



KNIVDESPERADO PÅ SJARMOFFENSIVEN. 17 år gammal vart Mobergshaug-jenta Guri Nesse hyrt inn som vokalist for Salty Dog, som var eit av dei store vestlandske dansebanda på 1970-talet og tiåret etter. Erfaring hadde ho frå jentekoret og Os kammerkor, men det kom sikkert like godt med at ho hadde sin «heimbane» i Fjellheim, der bygdedansane, som tidlegare nemnt, innimellom baud på reinaste gjengoppgjera. På ein spelejobb på Stord utarta det til eit gigantisk masseslagsmål framfor scenekanten, og Salty Dog måtte raska saman instrumenta og rømma lokalet i hui og hast. Men det var i Stavanger at Guri Nesse verkeleg fekk nærkontakt med ein rabiat fan. Ho fortel om hendinga som skjedde på ein 17. mai-dans.

– Det var i 1978; det året eg var russ, og resten av bandet var alt reist til Stavanger for å spela til dans 16. mai. Eg skulle få vera med på russefeiringa, og reiste først til Stavanger med fly på ettermiddagen den 17. Vi var komne godt i gang med spelninga då av ein tilhøyrarane brøytt seg veg gjennom publikum. Før vi eigentleg skjøna kva som skjedde, hadde han køyrt ein stor samekniv ned i scenen mellom meg og den andre kvinnelege vokalisten. Det var ganske skremmande, men det var aldri på tale å slutta å spela. Eg

trur eigentleg ikkje han hadde planar om å skada oss; det var nok heller hans måte å prøva å gjera inntrykk på oss damene i bandet. På 1980-talet skaffa Salty Dog seg også eit namn austpå, og hadde elles spelejobbar i alle dei store byane i Sør-Noreg. Blant høgdepunkta i Guri sin karriere, ho song med bandet til 1984, var opptreden på Vinstra-marknaden med 11 500 tilhøyrarar, plateutgjeving og norsktopp-plassering med låta Sommereventyr. I hennar tid var også Salty Dog med på tv-showet under ein av dei store innsamlingsaksjonane.

Då Guri song med Salty Dog hadde dei ein fot i kvart tiår: dei (trass alt) nøkterne syttiåra og det etter kvart så glamorøse åttitalet. Salty Dog gløynde likevel aldri det viktigaste: brei publikumsappell. I Trond Bjarkes Orkester- og artistkatalog stod dette å lesa om bandet:

«Salty Dog går inn i 1980 med et splitter nytt repertoar. Det består av rock, disco, funk, en del selvkomponerte melodier samt gammeldans.»

I dag er Salty Dog ein av veteranane i bransjen. Dei har – med skiftande besetning – halde det gåande sidan 1973. Einar Stølsbotn har (som den einaste) vore med utan avbrekk fram til i dag.

kunne bli i høgaste laget. Fjellheim-dansane var populære, men hadde også sterk tiltrekningskraft på innfødde bråkmakarar og gjen- gar frå nabodistrikta.

”For nokre ukonfirmerte våghalsar på Os enda det med offentleg audmjuking”

Mindre stas på Dale

Og politieskorten ut av Dale 17. mai 1976? Den vart utløynt av ei lokal generasjonskonflikt. For medan arrangøren hadde sett for seg ein god dose gamaldans på den tradisjonelle 17. mai-festen, så ville ikkje den yngre garde ha pols eller reinlender, men skreik på rock og pop. Det enda med at ein bande med dei mest hissige ungdomane truga med å knusa både instrument og musikarar, og heile dansen vart avblåst. For sikkerheits skuld fekk Trixie eskorte til Vaksdal, politiet ville vera heilt trygge på at dei mest hemngjerrige villbassane ikkje skulle få tak i osingane.

For dei konfirmerte

Den typiske bygdedansen byrja i nitida på kvelden og skulle vera ferdig til klokka eitt. Så det var berre å byrja å spela sjølv om salen var glissen. Banda fekk to-tre avbrekk dei fire timane dansen vara, og for å stå løpet ut trongst det eit repertoar på rundt 30 sngar. Arrangementa skulle i utgangspunktet vera alkoholfrie, men det vart heller sjeldan etterlevd. Blant banda var det godt kjent kva stader stemninga var gemyttleg og kvar det konsekvent utarta til bråk og slåsting. Sjølv om det kunne vera mykje drikking og spetakkel, råda det også ein slags orden. Når vakt- haldet skranta hende det dei eldre passa på dei yngste. Det var opplest og vedtatt at ein måtte vera konfirmert for å gå på dans. Men nokon freista lukka før. For nokre ukonfirmerte våghalsar på Os enda det med offentleg audmjuking. Det vert fortald at ein laurdagskveld kom presten sjølv og henta dei som trassa den gylne regelen om å vera ferdig konfirmerte før dei entra dansegolvet.

Sjalusidrama og siste dans

Frå scenen hadde musikarane panorama til små og store intrigar som utspelte seg på dansegolvet. Ofte vart det vedda om utfallet av kveldens trekantdrama. I løpet av dei tre siste låtane, som skulle vera rolege, vart det spikra kven som fekk napp og kven som måtte gje tapt. Vinnaren og den utkåra kunne gje seg hen til kveldens aller siste låt som svært, svært ofte var ”Knockin’ on Heaven’s Door”. Då 1970-talet nærma seg slutten var bygde- dansane på veg ut. Trixie var også på hell, utdanning og jobb tok stadig meir tid, og bandet avslutta karriera der dei – uvisst av kva grunn – hadde sin største fanskare: ungdoms- huset på Reksteren. Plakaten vart sidan hengjande. Og har ingen plukka Trixie-plakaten ned, så heng han der den dag i dag.

.....
Tekst: Marie Hauge
.....

Kjelder: Hans Bjørn Bakketeig, Jan Haaland, Walfred Nøss og Guri Stølsbotn (tidlegare Nesse).

Os-målet lever på fjesboka



Foto: Åsmund Lien

Facebook-gruppa ”Ord og uttrykk frå Midt- hordland” tel over 300 medlemmar. Dei aller mest aktive deler nesten dagleg små ordskat- tar som har vore typiske for Os og bygdene rundt. Nokre er framleis i bruk, medan andre er forsvunne ut av dialekten vår. Under er eit døme på korleis praten kan gå på veggen til facebook-gruppa etter kvart som stadig fleire kjem med sine kommentarar.

– I dag kan ein høyra at folk seier golvet i båten. Og kva plitt og tilje og æsing er for noko, er det vel færre og færre som veit. Og kva med bakskut og framskut? Men så er det ikkje så mange skikkelege robåtar å sjå hel- ler: Ein færing var det mest i alle båtstø då eg vaks opp.

– Og so va da tofta, og ronje, og homleband, nygla...

– Det var skikkelig problem viss du ikkje fann nygla

– Te holet i botn, da vel?

– På Os seier vi nyglo

– Og hals og bete og børa og band



SPONGIVATNET
1928


Reinsdyr fekk losji i Os

Sommaren 1928 var det landsutstilling i Bergen. Det var eit svært arrangement, med paviljongar og fornøynelsespark ved Lille Lungegårdsvann. Til og med ein sameleir skulle visast fram. Men noko må ha skore seg i planlegginga, for dei 13 reinsdyra og eigarane deira kom ein månad for tidleg til Bergen. Gode råd var dyre. Sportsbutikkeigar Henrik Platou var blant arrangørane. Han pla fiska i Oselva, og no ringte han Helge Flaterås. Han fekk klarsignal. Reinsdyra blei sendt med Osbanen til Ulvenstasjonen, og sleppt på beite på Bruabakken,

det første stykket som var dyrka opp på Flaterås. Hilmar Flaterås fortel at far hans hadde bil, og tilbød reineigarane skyss frå byn. Dei takka nei. Dei ville helst gå til fots til Os.

I bakgrunnen ser vi Tøsdal. Dei raude huset lengst til høgre er skyttarhuset, som sto der til tidleg på 1940-talet. Foto: Nikolai Flaterås. Biletet er handkolorert og utlånt av Hilmar Flaterås.

Tekst: *Mari Lyssand*



Motstandsørsla i Os – solid støtte for sabotørar

I meir 50 år låg over 600 sider med saksdokument etter politi-etterforskinga av Saborg lagra hos overvakingspolitiet i Bergen, før dei vart overførte til Statsarkivet i Bergen og gjort tilgjengelige for historikarar. Dei gamle Gestapo-avhøyra kastar nytt lys over aktiviteten til Saborg i Bergen og ikkje minst den aktive gruppa med motstandsfolk i Os.

Etter eit angiveri 24. november 1944 rulla Gestapo opp store delar av den kommunistiske sabotasjeorganisasjonen i Bergen. Det er ikkje klart kva som skjedde, og det finst fleire hypotesar om det. Meir enn 60 personar vart arresterte og utsette for brutale avhøyr; i eitt tilfelle med dødeleg utgang. 22 var innstilte til dødsstraff og skulle avrettast, men vart redda av at tyskarane i Noreg kapitulerte i mai 1945.

Skulle brukast i forhandlingar

I 1999 vart Gestapo-dokumenta om denne saka overførte frå overvakingspolitiet til Statsarkivet, der dei hamna i «Eske 60». I avhøyra fortel deltakarane sjølve i detalj om korleis Saborg sitt motstandsarbeid i og rundt

Bergen var organisert. Som kjeldemateriale er avhøyra unike, då Gestapo i Bergen elles sørge for å øydeleggja så mykje bevis som dei klarte før kapitulasjonen.

– Desse saksdokumenta vart ikkje destruerte saman med resten av Gestapo-arkivet. Den tyske okkupasjonsmakta visste at kommunistane ikkje var heilt stovereine hos dei allierte. Gestapo såg for seg at den omfattande informasjonen om kommunistar i Bergen kunne brukast som eit forhandlingskort overfor dei norske styresmaktene, seier Ole-Jacob Abraham. Han har lese seg gjennom dei 600 sidene med tyske avhøyr i samband med eit bokprosjekt, og fortel at innhaldet i «Eske 60» nyanserer bildet som er skapt av

»«Eske 60» nyanserer bildet som er skapt av Saborg-folka som til dels uorganiserte aktivistar på sjølvstyr»

Saborg-folka som til dels uorganiserte aktivistar på sjølvstyr.

«Kong Haakons kommunistar»

Saborg var i utgangspunktet kommunistane sin sabotasjeorganisasjon, med sin eigen agenda i motstandsarbeidet. Men etter at Saborg fekk kontakt med den britiske sabotasjeorganisasjonen SOE (Special Executive Operations) våren 1944, vart Saborg meir eller mindre underlagt London-regjeringa, somme

gonger omtala som «Milorgs aksjonsgruppe» og jamvel «Kong Haakons kommunistar».

– Oppdraga var då i tråd med den offisielle motstanden, som vart organisert av eksilstyresmaktene. Mellom anna fekk Saborg i Bergen ei liste med namn på 61 personar i Bergen

”– Likvidasjonar var noko av det mest krevjande for ein aksjonist. Det var svært farleg, fysisk tøft og ikkje minst utfordrande moralsk sett”

som skulle likviderast. Lista kom frå London, fortel Ole-Jacob Abraham.

Osing deltok i likvidasjon

Undervegs i prosjektet har Abraham også intervjuet etterlatne og slektningar til motstandsfolk som var aktive i Os. Det viser seg at motstandsfolk frå Os var med på ein av likvidasjonane som vart beordra frå London. Likvidasjonen vart utført i Stavanger hausten 1944, og det er ikkje tidlegare kjent at folk frå Os var med på dette. Dei involverte partane heldt denne informasjonen tilbake då dei vart intervjuet om Saborg-aksjonane etter krigen, fortel Ole-Jacob Abraham.

– Med tida har dei likevel kjent eit behov for å snakka om det – ikkje med historikarar og forfattarar, men til sine næraste. Det er forståeleg. I ettertid, fjernt frå den unntakstilstanden som krig er, fekk nok somme moralske kvalar og eit behov for å rettferdiggjera handlingane sine. Det var viktig for dei å få fram at dei handla på ordre.

Likkister i postkassen

Somme av kommunistane i Saborg hadde kjempa i den spanske borgarkrigen (1936–1939) og hadde erfaring frå krigshandlingar. Det var slike folk som grunnla Saborg i Noreg, både på Austlandet og Vestlandet. Men dei fleste Saborg-medlemmane hadde ikkje erfaring frå Spania.

– Likvidasjonar var noko av det mest krevjande for ein aksjonist. Det var svært farleg, fysisk tøft og ikkje minst utfordrande moralsk sett. Svært få kunne ta på seg slike oppdrag, derfor måtte det sendast folk frå Austlandet til Bergen for å hjelpa med desse «jobbane» på Vestlandet. Berre eit fåtal menn frå Bergen




Torbjørn Lyssand var med i den indre kjernen av Saborg frå hausten 1943 til krigen var over. (Foto utlånt av Ate Lyssand)



var med på likvidasjonane som skjedde der, fortel Ole-Jacob Abraham.

Saborg gjennomførte to likvidasjonar i Bergen og to i Stavanger hausten 1944. I tillegg vart det førebudd fleire andre likvidasjonar,

som anten ikkje vart gjennomførte eller vart mislukka. Det var norske kollaboratørar og nazistar i Statspolitiet som var målet. Desse likvidasjonane skapte redsla. Kollaboratørar var sterkt mislikte, og hadde støtt trugselen om likvidasjon hengande over seg. Redsla




Kassen er laget av 8 mm kryssfiner, 5 lag.



Tegnforklaring

a - batterier	e - bolt
b - tjærebånd	f - sagblad (fjær)
c - tendkapsel	g - flaskeopptager
d - aluminiumkontakter	



Illustrasjonen viser norsk statspoliti si nitide oppteikning av ein kasse med sprengladning på 10 kilo dynamitt. Kassen vart brukt under Saborg sin første aksjon i Bergen 24. november 1943 på Grimen ved Nesttun. Målet var eit Wehrmacht-tog. Aksjonen var mislykka, truleg fordi det kom fukt og sand på utløysarbolten, slik at ladninga ikkje gjekk av. Kassen til sprengladninga vart laga på møbelfabrikken i Lønningdal av Haldor Øvredal, men ein fabrikk på Nesttun fekk skulda. Ladninga var rigga av Saborg-sjefen Norman Iversen i Jakob Hjelle si hytte i Steindalen. Osingen Torbjørn Lyssand og bergensaren Valentin Valentinsen – som seinare busette seg i Lønningdal – var med på aksjonen.



Saborg-folk frå Os: Torbjørn Lyssand alias «Tobben», Ruth Jørstad (seinare gift Lyssand), Jakob Hjelle alias «0.70» og Haldor Øvredal alias «Sigvald» tek seg ein velfortent blås med pipe sommaren 1945. Dei tre karfolka var sentrale personar i Saborg. Ruth Jørstad var dottera til Peder Furubotn, leiaren i Norges Kommunistiske Parti, som Saborg samarbeidde med under krigen.

vart underbygd ved at sabotørane la små handspikka trekister eller patroner med inngraverte namn i postkassane deira. Slik braut ein ned moralen hos dei som samarbeidde med dei tyske okkupantane.

– Politipresidenten i Bergen våga ikkje å gå ut på gata, og flytta inn i politihuset med heile familien. 35 politibetjentar sjukemelde seg og andre slutta i Statspolitiet og tok jobb på Hansa bryggeri, seier Abraham, og viser til dokument Lars Borgersrud har funne i Riksarkivet i Oslo og boka «Bergen politi under okkupasjonen» av Sverre Rødder.

Til å stola på i Os

Saborg i Bergen mottok også store mengder sabotasjeutstyr og fekk våpentrening av agentar frå SOE. Ein del av treninga fann stad på Os, der lokale motstandsfolk deltok. Motstandsmiljøet i Os talde viktige Milorg-folk, men det har vore mindre fokus på kor sentrale ein del osingar var i motstandsarbeidet

til Saborg. Sjefen sjølv, Asbjørn Sunde alias «Osvald», landets mest ettersøkte sabotør, heldt sabotasjekurs på hytta til Jakob Hjelle i Steindalen både i 1940 og 1942. Kontakten med bergensaren og kommunisten Norman Iversen, som var veteran frå den spanske borgarkrigen, vart avgjerande. Han var med i Wollweber-organisasjonen allereie i 1939. Då det byrja å brenna under føtene på Norman Iversen i 1941 og igjen i 1942, søkte han dekning i Os. Her fekk han hjelp av Ludvig Haugen og Jakob Hjelle til å finna dekkstader. Dermed visste han tidleg at kontaktane i Os var til å stola på. Fleire andre ettersøkte Saborg-medlemmar levde seinare i skjul i Os i lengre og kortare periodar. Etter kvart som motstanden vart trappa opp dei to siste krigsåra, vart dei to unggutane Haldor Øvredal og Torbjørn Lyssand stadig viktigare for Saborg.

Ønske om rettvise

Langt frå alle som arbeidde for Saborg var kommunistar, fortel Ole-Jacob Abraham:

”Motstandsmiljøet i Os talde viktige Milorg-folk, men det har vore mindre fokus på kor sentrale ein del osingar var i motstandsarbeidet til Saborg”

– Dei fleste sympatiserte med venstresida, men definerte seg nok like gjerne som sosialistar, eller i nokre tilfelle berre som aktive motstandsfolk. Desse sabotørane var drivne av eit sterkt ønske om rettvise, og opplevde kanskje at dei hadde best høve til å bidra til dette hos kommunistane. Om ein les avhøyra, er det interessant å sjå at dette politisk sett var folk som i hovudsak røysta på NKP, Arbeidarpartiet eller Venstre – med to rare unntak av sabotørar som var NS-medlemmar! Ingen stemte Bondepartiet, KrF eller Høgre.

Ingen av aksjonistane frå Os vart tekne då Saborg i Bergen vart rulla opp vinteren 1945. Det er nokså utruleg, tykkjer Abraham.

Saborg:

Ein sabotasjeorganisasjon som gjennomførte aksjonar mot tyske installasjonar og drivstofflager, og likvideringar av angivarar og kol-laboratørar. Saborg var del av ein kommunistisk organisasjon grunnlagt av den tyske sjømannen Ernst Wollweber, som var i den sovjetiske etterretningstenesta NKVD.

I Noreg vart medlemmane i stor grad rekrutterte blant norske kommunistar før krigen. Saborg hadde grupper på Austlandet og Vestlandet, og i Narvik. I Bergen var Saborg mest aktiv det siste året under okkupasjonen, men internasjonalt hadde organisasjonen sabotert sjøfartsmål i fascistiske statar alt sidan 1936.

Milorg:

Ein militærorganisasjon i det tysk-okkuperte Noreg, under kontroll av den norske London-regjeringa. Milorg var ein beredskapsorganisasjon, som skulle stå klar til å støtta allierte krigshandlingar i Noreg i tilfelle invasjon frå Storbritannia. Milorg fungerte som norsk ordens- og politistyrke etter frigjeringa. I Os var mellom andre Jakob Hjelle viktig i Milorg. Mykje av dette arbeidet er omtala i Arnfinn Haga sine bøker om motstandsørsla i Os.

Saborg-prosjektet:

Eit vitskapeleg prosjekt under Museum Vest, som dokumenterer Saborg si historie. Statsstipendiat og dr.philos. Lars Borgersrud leier prosjektet. Han og Ole-Jacob Abraham er dei to skrivande historikarane i prosjektet, som skal munna ut i ei bok om Saborg.

Boka har arbeidstittel «Saborg – Bergens ukjente sabotørar», og skal etter planen vera ferdig til 2013.

– Spesielt når vi veit kor involverte osingane var i ein del av aksjonane som var gjennomførte. Eg trur eigentleg ikkje medlemmane kjende det fulle omfanget av Saborg. Det kan jo seiast å vera eit suksesskriterium for ei undergrunnsørsl. Vi som er med på Saborg-prosjektet sit no 70 år seinare og veit meir enn dei visste den gongen.

”(...) fleire kjelder skal få koma til orde. I dei gamle intervjuva og avhøyrprotokollane snakkar dei med egne ord”

Då jernteppet senka seg

Kommunistane var – trass i at dei på mange måtar representerte den mest massive motstandskrafta under krigen – blant dei gruppene som langt på veg var tagde i hel då freden kom. Det var fleire grunnar til det. Like etter krigen hadde kommunistane stor moralsk autoritet takk vere motstandsarbeidet under krigen og Sovjetunionen sitt bidrag i nedkjempinga av den tyske militærmakta. Men då jernteppet senka seg i Aust-Europa etter Sovjet-blokaden av Berlin i 1948/1949, vart kommuniststatane i aust den nye hovudfienden. Frå då av stod NATO og Warszawapaktlanda mot kvarandre. Det «passa» ikkje lenger å hylla kommunistiske krigsheltar. Sabotørane var dessutan opplærte til å halda munn. Mange av dei som var medlemmar av NKP eller hadde sin politiske sympati hos kommunistane, flagga ikkje dette, for det kunne føra til mistenkjeleggjing og ubehag for dei sjølve og familien.

Lar kjeldene snakka

Eitt av måla med Saborg-prosjektet er å letta på sløret slik at denne sida av motstandskampen blir betre kjend og det vert avdekt kva som faktisk skjedde. Ole-Jacob Abraham meiner det er reelt mogeleg å fortelja detaljert om Saborg-historia ved hjelp av «Eske 60» og diverse anna supplerande materiale.

– Sabotørane var for det meste arbeidsfolk utan tradisjon for å ytra seg skriftleg. Då krigen var over gjekk dei tilbake til tradisjonelt industriarbeid, medan offiserane i Milorg til dømes gjerne gjekk rett inn i offentleg styre og stell. Der fekk dei rikeleg høve til å gje sin versjon av krigen. Vi som arbeider på prosjek-

tet er opptekne av at fleire kjelder skal få koma til orde. I dei gamle intervjuva og avhøyrprotokollane snakkar dei med egne ord – sjølv om desse er pressa fram under tortur. I tillegg gjorde Torgrim Titlestad, Arnfinn Haga og Frode Færøy eit flott arbeid då dei på 1970- og 1980-talet intervjuva sentrale personar, som no er døde, seier Ole-Jacob Abraham.

Tekst: *Marie Hauge*

Ole-Jacob Abraham (f. 1969) er utdanna historikar og jobbar som avdelingsleiar på Fjell festning. Han er oppvaksen på Os og har tidlegare skrive boka «Forelebig udø!» om den russiske krigsfangen Ivan Trofimovitsj Pokinboroda, som var den einaste av fangane på Os som klarte å rømme frå leiren på Haugsneset.



Hans Olaf Hansen, forfatteren av den første norske litteraturhistoria

I 1862, altså for 150 år sidan, vart ei bok med tittelen *Den norske Literatur fra 1814 indtil vore Dage* gjeven ut på Fr. Wøldikes Forlagsboghandel i København. Ho var skriven av ein 19 år gammal osing. Sjølv om boka ikkje nett ruvar i volum, er ho å rekna for ei svært viktig bok i norsk litteraturhistorie.

Forfatteren var fødd i Kvalessund (på Innerøya mellom Øyane og Halhjem) i 1843, og heitte Hans Olaf Hansen. Faren, Ola Hanson Holmefjord, bygsla bruket og gjestgjevarstaden der, og var gift med Jakobine Konradine Krüger frå Skjørsand i Fusa.

”Ibsen sitt namn ville leva vidare i norsk litteratur lenge etter at det hadde grodd gras på Hans Olaf Hansen si grav”

Slekt av lærde menn

Som barn besøkte Hans Olaf Hansen ofte besteforeldra på Skjørsand, og i biblioteket deira, som inneheldt fleire tusen bøker, vart

interessa for litteratur vekt. I slekta på mora si side hadde det alltid vore lærde menn. Bestefaren var cand. theol., men var ikkje «rett i trua» og tok ikkje embete.

Mora hadde eit håp om at eldstesonen Hans Olaf skulle føra den boklærde tradisjonen vidare. Ettersom faren ikkje hadde pengar, var det truleg morfaren som støtta han økonomisk då han tok fatt på utdanninga si.

I 1856 byrja Hans Olaf Hansen på Bergen Katedralskole. Han slutta etter tre år og reiste vidare til Christiania, truleg for å lesa vidare og ta studenteksamen. Men sjølv om han ifølgje ei av søstrene kom heim med studentlua, finst det ikkje prov for at han tok examen artium. Det vi veit, er at han tok til å skriva i dagsavisa Christiania-Posten under signaturen q-n.

Kritisk til Ibsen

I 1857 vart Henrik Ibsen artistisk direktør for Christiania Norske Theater, og frå hausten 1860 og utover fekk han ein del kritikk for måten han styrte teateret på. Ibsen svarte på kritikken i ei artikkelrekkje i Morgenbladet våren 1861, men kritikken mot han heldt fram. I tre artiklar i Christiania-Posten i mai same året vart Ibsen på ny kritisert, denne gongen av q-n, altså den no 18 år gamle Hans Olaf Hansen. Her kunne ein m.a. lesa:

«Hr. Ibsen var ikke Mand for at dirigere Theatret. Han var ikke Mand for at føre Ideen frem til Seier. Han har hele Saisonen opvartet med et saa planløst og ideløst Repertoire at man skal have ondt for at finde Magen dertil.»

Usignert støtte til seg sjølv

Ibsen svarte med å gjera narr av q-n, noko som førte til at q-n skreiv tre nye kritiske artiklar om Ibsen si styring av teateret. I ein artikkel i Drammens Blad i juni same året får q-n støtte: «Iggennem 6 Artikler har nemlig q-n hugget løs paa ham, og Ibsens første svar var afmegtigt mod ensaadan Kjæmpe, det andet var en Sjølvdauing – som «Dølen» vilde sige.» Kven var det så som tok parti for Hans Olaf Hansen, alias q-n, i denne usignerte artikkelen? Litteraturkritikaren Paul Botten Hansen gav svaret i Illustreret Nyhedsblad seinare på sommaren. Artikkelforfattaren i Dram-

»(...) men troede ganske naivt, at man var ypperst national, naar man rabte paa «Grundloven», «Syttendemaj» og «Gamle Norge»

mens Blad var identisk med q-n, altså Hans Olaf Hansen sjølv. Botten Hansen vart svært forarga over «denne artianer» si framferd og skreiv at Ibsen sitt namn ville leva vidare i norsk litteratur lenge etter at det hadde grodd gras på Hans Olaf Hansen si grav.

Skreiv skodespel og artiklar

I dag veit vi at Paul Botten Hansen fekk rett i spådommane sine, men det finst likevel gode grunnar for å trekkja Hans Olaf Hansen sitt namn fram frå gløymsla. Ikkje berre skreiv han den første norske litteraturhistoria, han skreiv òg eit skodespel og fleire artiklar om norske forfattarar. Mellom anna skreiv han den første omfattande presentasjonen av Aasmund Olavsson Vinje, som han tydelegvis hadde møtt. Hansen skreiv òg skodespelet *Brødrene*. Det tileigna han «Digteren Henrik Ibsen», som han hadde gått så hardt ut mot i avisene. Ibsen sette stykket opp på Christiania norske Theater, der det vart spelt tre gonger i desember 1861. Stykket handlar om to brør, Halvard og Kaare, som ikkje er på talefot med kvarandre, men borna deira, Bjørn og Aslaug, elskar kvarandre. Dette kan sjølvsgagt ikkje brørne akseptera, men etter mykje om og men, og med hjelp frå andre, får dei kvarandre, og brørne vert forsona.

Takk for sist frå Ibsen

Rett nok er stykket amatørmessig skrive, men det trekte bra med folk, og vart «modtaget

med Bifald». I Christiania-Posten stod det at det «fik i det Hele en god Udførelse, navnlig var Hr. Isachsens Opfatelse og Gjengivelse af Halvarvs Rolle af den Beskafenhed, at man fik langt mer ud af denne Figur end man ved Gjennemlæsning skulde have ventet.» Ein kan lura på kva motiv Ibsen hadde for å setja opp eit såpass dårleg skodespel, men det var sikkert ikkje på grunn av dei litterære kvalitetane. Var det for å visa storsinn overfor mannen som hadde kritisert han så hardt? Eller var det, som Victor Krüger¹ ein gong sa, for å ta hemn over han?

Bok om nyare norsk litteratur

No er det ikkje for skodespelet sitt Hans Olaf Hansen vert hugsa av litteraturhistorikarar i dag, men for litteraturhistoria han skreiv.

Etter at han som attenåring hadde fått *Brødrene* framført på teateret, reiste han til København. Der kom han i kontakt med forleggjaren Fr. Wøldike, som gav ut Nordisk Tidsskrift for Literatur og Kunst, redigert av Lorentz Dietrichson. Wøldike ba Hansen om å skriva ei bok om nyare norsk litteratur etter mønster av ei dansk og ei svensk litteraturhistorie som Dietrichson hadde skrive. I 1862 kom så boka som grunnla norsk litteraturhistorieskriving, og som har 150-års jubileum i år: *Den norske Literatur fra 1814 indtil vore Dage*. Boka var på 214 sider, og forfattaren Hans Olaf Hansen var 19 år gammal.

I kjent stil

I forordet til boka seier Hansen:

«Det har kun været min Hensigt at levere en kortfattet Udsigt over Literaturen, en Bog, der kunde tjene til Orientering – eller om man heller vil til indledning – i Studiet af den norske Literatur efter 1814. At levere Noget Andet har lagt udenfor min Plan og maaske ogsaa over mine Evner.»

Sjølv om tonen her verkar beskjeden, kjenner vi snart att den friske tonen frå avisdebattane. Hans Olaf Hansen opptre både som litteraturhistorikar, smaksdommar og polemikar.

«Ynkelig dramatisk Diktning»

Hansen byrjar med å gje eit eit oversyn over den sosiale, politiske og litterære stoda i Noreg før 1814. Han bruker litt plass på Norske Selskab, ein klubb for norske studentar i

København på slutten av 1700-talet, der Johan Herman Wessel var ein av dei mest prominente medlemmene. Hansen er ikkje udelte imponert over nivået på diktinga til medlemmene her. Han meiner dei aper etter dei franske klassisistane, med vekslande hell. Ein av dei som, i følgje Hansen, ikkje lykkast, er ein tidlegare borgarmeistar i Trondheim, N.K. Bredal:

«Den 4de april 1777 opførtes første Gang N.K. Bredals ynkelige dramatiske Diktning «Tronfølgen i Sidon», hvilket Arbejde angrebes skarpt af Rosenstand-Goiske i hans «dramatiske Journal». Denne Kritik bragte Bredal paa den ulykkelige Tanke at søge hevn ved at fremstille Journalen for Publikums Øjne, og saaledes opførtes 25de November 1771 hans over al Maade jammerlige Produkt: «den dramatiske Journal, Efterstykke i een Akt.»

«Syttendemaj» og «Gamle Norge»

Boka er elles delt inn i to hovuddelar: «Første Periode (1814 – 1842)», og «Andre Periode (1842 indtil vore Dage)».

Hansen oppsummerer 1820-åra som ein periode med mykje kvantitet, men lite kvalitet, og liten originalitet. Han har liten sans for enkelte typar nasjonalitetsbegeistring som han meiner manglar substans:

«Alt skulde være norsk og nationalt, skjønt man ikke havde det allerfjerneste Begrep om hvori Nationaliteten egentlig bestod, men troede ganske naivt, at man var ypperst national, naar man rabte paa «Grundloven», «Syttendemaj» og «Gamle Norge.»

Wergelands «Smagløshed»

Elles får sjølvsgagt Henrik Wergeland og Johan Sebastian Welhaven mykje plass i denne delen av boka. Det er tydeleg at Hansen har mest sans for Welhaven av dei to. Som Welhaven, er også Hansen kritisk til at mange av dikta til Wergeland manglar ei fast form, noko som viser «Forfatterens overordentlige Smagløshed.» Han er òg kritisk til Wergeland som dramatikar og skriv innsiktsfullt om korleis enkelte personar i Wergeland sine drama er lite truverdige. Han meiner likevel at Wergeland etter kvart utvikla seg i rett retning som lyrikar, for frå midten av 1830-åra ser han «Forfatterens tiltagende Agtelse for Formen», og mot slutten av diktarlivet finn han Wergelands «modneste og og genialeste Forfattervirksomhed».

Hansen skreiv på dansk, men var svært oppglødd over Ivar Aasen sitt arbeid med landsmålet. Han ser fleire fordelar med det nye skriftspråket:

«Først og fremst dog den, (...) at Almuen kan læse sit eget Maal paa Prent og saaledes i steden for et fremmed faar sit eget».

»(...) men den litterære utviklinga i tida framover gjekk i stor monn i den retninga han hadde ønskt og spådd om»

Synnøve Solbakken på «Landsmaal»?

I del to bruker Hansen mykje plass på Henrik Ibsen, Bjørnstjerne Bjørnson og Aasmund O. Vinje «om de end ikke er Digtertalenter af første Rang», så har dei likevel «til dels ualmindelige Digterbegavelse.»

Om han tidlegare hadde gjeve Ibsen hard medfart i avisdebatten, er Hansen raus når han omtalar same mann som dramatikar:

«hans Stykke vidner om ualmindelig Begavelse og især et nøje Kjendskab til det Dramatiske.» Hansen gjev òg, ironisk nok, eit spark til dei som «ved skaanselløse Angreb paa hans Theatervirksomhed har gjort (...) ham livet saa surt som muligt.»

Bjørnson får ros for m.a. Synnøve Solbakken og skildringane av «det haardnakkede, indadvendte Gemyt, der er Særkjendet for den norske Bonde», men: «hvad vilde ikke en «Synnøve Solbakken», skreven paa Ivar

Aasens nyere Landsmaal blive?»

Hansen er òg ein stor beundrar av Vinje: «Vinje er intet andet end Digter; og som lyrisk Digter vil han, viss hans Udvikling bliver harmonisk og hans Fremtid sikret, kunde drive det meget vidt paa Digterbanen.»

Hard kritikk

Samtidige kritikarar, mellom dei Paul Botten Hansen, gav boka hard medfart og var samde om at ho høyrde heime i kakkelommen. Noko av kritikken gjekk på at boka hadde klare manglar og feil, både med omsyn til stoffval og framstilling. Men Botten Hansen er ikkje berre negativ. Han seier at Hansen har lese mykje og at framstillingsmåten er frisk, men umoden. Hansen kan koma til å levera bra arbeid i framtida, meiner Botten Hansen, men han treng «Tankens rette Tugt».

Uakademisk, men levande

Sjølv om kritikken mot boka til Hans Olaf Hansen var hard i samtida, meiner seinare litteraturforskarar at mykje av denne kritikken var urettvis, og at boka representerte noko heilt nytt i sitt slag her til lands. I 1966 skreiv litteraturhistorikaren Johs. A. Dale dette om boka i tidsskriftet Edda:

«Boka har fleire av dei lyta kritikarane peika på, men slett ikkje alle. Forfattaren har imponerande kunnskapar til ein nittenåring å vere, han har ei varm og ekte interesse for diktinga og ei uvanleg framstillingsevne, og i mange av sine litterære vurderingar har han fått rett

mot dei som kritiserte han. Ja, ikkje berre det, men den litterære utviklinga i tida framover gjekk i stor monn i den retninga han hadde ønskt og spådd om. I så måte er dødsåret hans noko av eit merkeår. Han gjer nokre språkfeilar – nokre gonger kan ein merke innslag frå bergensk – og ein må kalle stilen hans uakademisk, men han er levande.»

Studenten det aldri vart noko av...

Kva skjedde så med Hans Olaf Hansen etter at han hadde skrive litteraturhistorieboka? Han gav ikkje ut fleire bøker, og det er heller ikkje kjent at han skreiv fleire artiklar. Det vi veit om han, er stort sett lausrivne data. I 1868 var han med og skipa landsmålslaget Vestmannalaget i Bergen. Året før hadde han gifta seg med søskenbarnet sitt, den atten år gamle Ingeborg Severine Kristine Krüger frå Fusa. Dei fekk tre born saman. Ei tid dreiv han ein jodfabrikk på Damsgård i Bergen. Han skal òg ha prøvd seg på svovelkisgruve drift i Kvalessund, men det gjekk heller dårleg. Til slutt slo han seg ned på garden Litleli på Skjørsand i Fusa. Det var svigerfaren hans, Hans Chr. Krüger, som eigde garden. Hansen var med og siglde Krüger-familien si jekt til Bergen med varer, og han var med nordover langs kysten når det var sildefiske. Der selde dei m.a. øl og tobakk til fiskarane. Elles arbeidde han på garden og hjelpte til på krambua til svigerfaren, men slekta var helst litt flau over han. Dei såg på han som studenten det aldri vart noko av.

Hans Olaf Hansen døydd av tuberkulose i 1875, 32 år gammal. Enka gifta seg oppatt, vart seinare skild og reiste saman med borna til Amerika.

Kjelder:

http://snl.no/Henrik_Ibsen
Dale, Johs. A. «Den første norske litteraturhistoria og han som skreiv ho», Edda 1966
Hansen, H.O. *Den norske Literatur frå 1814 indtil vore Dage, 1862 Brødrene, 1862*
Kittang, Atle, m.fl. *Om litteraturhistorieskriving, 1983*
Tveit, Nils Os *soga, band II, gards- og ættesoga, 3. opplag, 1979*

Tekst og foto: Terje Bothun

¹ Samtale med Victor Krüger, 1987. Victor Krüger var av same slekta som mora og kona til Hans Olaf Hansen.



Hans Olaf Hansen var fødd i Kvalessund på Innerøya.

Med kortklipt hår, kloggar på beina og beinet under stanga – oppvekst i “nyare gamledagar”



***Kloggetid.** Leikeplassen i Hjortestigen rundt 1982. Berit Bjørkeli sit fint i trilla si, Roar Bjørkeli har Nina Farsund på akslene, og søstrene Gro Helen og Torill Blindheim dissar. Alle har ekte svenske kloggar, for familien Herstad i Hjortestigen hadde slekt i Sverige. Dei kom med bilen full og delte ut kloggar til ungene i nabolaget.*

Eit djupdykk i Lokalhistorisk arkiv på Os folkebibliotek byr på ei underholdande reise i det som vel etter kvart kan kallast den yngre Os-soga, i dette tilfellet 1980–1984. Skribenten heldt i denne perioden til i Øvre Varåsen, sør for bommen.

– Åttitalet, seier vi, litt lattermildt, medan vi ser for oss skyhøgt hår, pastellfarga Poco Loco og Benetton. Men lenge likna åttitalet til forveksling på syttitalet. Jenter og gutar gjekk i brun cordfløyel, var like praktisk kortklippede, og lukka var ein kombisykkel.

Like lampar

I 1970 hadde Os kommune 8151 innbyggjarar. I 1980 var talet stige til 10 838, og det

heldt fram med å stiga. Alle dei nye osingane trong sjølvstøtt hus. Utbygginga av nye felt med husbankhus hadde for alvor skote fart i løpet av 1970-talet. I stova var det tre store vindauger med like, små lampar, og ei altandør som kanskje måtte forbli gjenspiakra nokre år, til dess ein hadde råd til å byggja altan. Rek-kjehusa blei fleire. Det første BOB-feltet i Os kom i Øvre Varåsen i 1974, så følgde Kolskogen borettslag i 1976 og Småhaugane i 1980.

Familiar på fire

To born per husstand var standard i dei nye felta. Nokon var tre søsken, fire var veldig uvanleg, og absolutt alle visste om den eine søskenflokk som faktisk var fem! Vi kjende oss ganske like. Nokon hadde riktig nok vore i Syden, og ei mor i Varåsen drøymde om at det ein dag skulle koma avokado i fruktdisken på Prima.

Men ingen hadde to bilar, og alle gjekk i arva



Karnevalstid. Varhaug barnehage i februar 1982. Dei vaksne er frå venstre Karin Nâmdal, Lillian Agasøster og Synnøve Nilsen. Dei blide ungane er frå v. Sturle Nilsen, Jørgen Fagerthun (med svart hatt), Henrik Tveit, Terje Strøm, Renate Lyssandtræ, ukjent, Monica Moss, Asgeir Grotle og Nina Klett. Bak står Jakob Bentsen og Ingvild Flatøy.

I BARNEHAGENS BARNDOM: Åttitalet var ei brytnings-tid. I Statistisk sentralbyrå si undersøking frå 1980 kryssa 40 prosent av kvinnene av på at dei var heimearbeidande, ti år seinare var talet 12 prosent. Dermed blei det trong for barnepass. I 1980 gjekk færre enn kvart femte born i alderen 1–5 år i barnehage, men det var like vanleg at borna hadde tilsyn av ei dagmamma, ein praktikant, slektningar eller naboar. Oppslag på butikken «treng dagmamma straks» var eit vanleg syn. SFO fanst ikkje. Etter skuletid var det heim med nøkkel, eller til naboen.

Det kommunale barnehagetilbodet var langt unna å kunna tilby nok plassar, og dermed vakna det private initiativ. Hausten 1978 opna den første private barnehagen i Os, i kjellaren til Bodil og Jan Ove Petersen på Moberg. Barnehagen fekk namnet Huskestua, og var godkjent for ti born. Året etter starta Lillian Agasøster barnehage heime hos seg sjølv i Varhaug. I byrjinga var det ti born i Varhaug barnehage, etter kvart blei dei tolv. Os kommune disponerte to plassar i barnehagen.

eller heimesyddede klede, bortsett frå til skulestart og 17. mai.

Dessutan hadde alle tynne foreldre. Det kan knapt ha vore ei mor i Varåsen som brukte meir enn storleik 36 i klede. Sånn var det berre. Ikkje så rart, kanskje. Spekesild og blodpudding var kvardagsmat, chipsposane var bitte små, og snop fanst faktisk berre på laurdagar.

Trilleøkonomi

Første del av åttitalet var ei økonomisk nedgangstid i Noreg. Lomme pengar avgrensa seg

til ein symbolsk sum, men under tribunen på Kuventræ var det tomflasker nok til mengdevis av Bugg. Redninga for mang ein jenteøkonomi var å passa ungar. Tariffen varierte nok litt frå krins til krins, men rundt 1983 var sju kroner for to timar god utteljing.

Livet bak bukkestyret

Mini-tohjuls sykkel fanst ikkje. Det var trehjuls sykkel til du fekk tohjuls sykkel, for veldig mange var det til tiårsdagen, for det tilrådde Trygg Trafikk. Men då hadde gjerne ei handlekraftig dagmamma lært vekk sykle-

kunsten for lengst, medan dei tryggleiksorienterte foreldra var på jobb. Mange lærte å sykla på herresykkel i full storleik, med eine beinet under stanga og kraftig helling mot venstre.

”Det kan knapt ha vore ei mor i Varåsen som brukte meir enn storleik 36 i klede”

Draumen var ein Kombi Perfekt, grøn Svithun damesyssel med nett på bakhjulet, eller racer-syssel med bukkestyre og fem gir.

Telefonbord og innetid

I gangen hadde folk telefonbord, med hylle til telefonkatalogen, og gjerne ei lita sparebøsse som naboen kunne leggja to kroner på ved lån av telefon til ein veldig viktig samtale, helst etter klokka fem. Tastafonen kom, men det var lenge til den naturlege måten å opna ein samtale var «kor e du?»». Skulle ein riktig slappa av var det berre å slengja seg i saccosekken med Rubiks kube. Dei fleste greidde berre ei side og ein kant rundt. Vi ungane hadde armbandsur og ei avtalt innetid, og ingen visste kvar vi var før vi kom heim og eventuelt fortalde kvar vi hadde vore. Viss det passa sånn. Ingen feira bursdag andre stader enn heime hos seg sjølve. Hotdog og sjokoladecake, blindebukk og flasketuten peker på, med Solo-flaske av glas. Glasflaskene har gjort comeback, til glede for nostalgikarane blant oss.

Tekst: Mari Lyssand



Ein stad å vera. Ungdomsklubbens dag på Osøyro i oktober 1983. Nokon har med kassettspelar, og dansen går utanfor MK Olsen.



Lenge til Facebook. Året er 1984, på Os ungdomsskule er EDB valfag populært, sjølv om det er ganske vrient å få til programmeringa på hypermoderne Commodore 64-maskiner.



Rock Steady Crew. Breakdansen er komen til Kuventræ skule. Tom Lekven Nilsen (t.v), Odd Rune Lund, Tone Bjørø Birkeland og Ove Bjørø Birkeland breakar laus i musikkrommet.

Barnesider



CHEVI!

CHEVI ER KVALPEN VÅR. HO ER SNART 5 MÅNADER.

HO ER SPRETTE OG IVRIG, UTRULEG IVRIG.

HO VIL TA BÅDE KATT OG KANIN. MEN DET ER BARE TIL GOD HJELP.

PS: DÅ FÅR VI INN KANINENE.

NÅR VI KJEM HEIM TIL HO, SPRETT HO OPP OG NED.

HO ER EIN FLOTT OG GLAD ROTTWEILER.

Charlotte 6. steg

Barnesidene er laga av elevar
på Hegglandsdalen skule.

Trivselsvakt

Trivsel:

Det er veldig viktig med trivsel på ein skule. Så derfor har Hegglandsdalen skule begynt med trivselsvakter.

Vakter:

Vi har hatt eit val på skulen om kven som skulle bli trivselsvakter. Dei som er trivselsvakter skal passa på at andre ikkje mobbar eller plagar. Vaktene er ute i storefri og har leikar som alle kan vera med i, 4 dagar i veka. Det er viktig å inkludera alle.

Fordelar:

Å vera trivselsvakt er ikkje så enkelt, derfor har mange spon-sorar gått med på at du får eit kulturkort. Med det kan du gå gratis/få rabatt på Osbadet, kino, fotballkampar osv...

Korleis det går:

På Hegglandsdalen skule går det kjempefint med trivselsvakt-ordninga. Og det ser ut som alle kosar seg og likar det.
Vi anbefalar andre skular å begynna med dette.

*Helsing 7. klasse jentene frå Hegglandsdalen skule
Malene, Laila og Sarah*

Intervju med Åsmund Lien

3. oktober 2012 var vi i Oselvarverkstaden for å intervjuva Åsmund Lien. Åsmund Lien er dagleg leiar i Oselvarverkstaden og er frå Hegglandsdalen. Då han heldt kåseri på skulen vår i haust, fekk vi interesse for denne mannen. Kvifor valde du denne jobben?

– Eg har alltid vore interessert i sjølivet.

Kor lenge har du budd i Hegglandsdalen?

– Eg har budd i Hegglandsdalen i 59 år. Eg har alltid budd der bortsett frå dei 6 åra eg budde i Oslo.

Har du alltid hatt interesse for Hegglandsdalen?

– Ja, men eg blei meir interessert då eg budde i Oslo. Då såg eg kor fin bygda vår er.

Har du alltid hatt den dialekten som du har no?

– Ja, i Oslo måtte eg skriva bokmål, men eg prøver å halda på dialekten.

Kva synest du er fint med Hegglandsdalen?

– Det er så mange kjekke folk i Hegglandsdalen. Og eg likar Tveitvatnet.

Kor mange dagar i veka gjekk du på skulen?

– 3 dagar fram til 5. klasse. 5 dagar fram til 7. klasse

Kor mange elevar var det då du gjekk på skulen?

– Det var ca. 9 i klassen og 40 på heile skulen.

Kva synest du om forandringane på Hegglandsdalen skule?

– De har ein fin skule no.

Åsmund Lien hadde mykje spennande å fortelja om Hegglandsdalen og skulen vår. Det var kjekt å intevjuva Åsmund Lien.

Joakim, Wilhelm, Rebecca



Åsmund Lien var med og feira oppussinga av Hegglandsdalen skule. Foto: Kjetil Vasby Bruarøy.

Teikneserie av Kine og Johanne



Vitsar

Kelner: Ja?
Eg vil gjerne ha dagens fangst.
Eit lite augeblikk berre...
Litt seinare:
Ver så god, steikt støvel.

Har du høyrte om svensken
som selde bilen sin for å kjøpa bensin.

Hundreårsjubilanten

Ivar Tvedt (1912–1998)

Ein mann for alle årstider – musikar, miljøvernar, dirigent, instruktør, kyrkjeverje og politikar.

Så visst søndagen kom, var han å sjå – i Osmarka, på Borgafjellet, i Bøåsen eller langs Oselva i den karakteristiske turhabitten: siks-pens, vindjakke, nikkens og beksaumstøvlar.

Ivaren, naturligvis

Med djerne steg la han kilometrane bak seg, for han hadde det alltid travelt. Kanskje skulle janitsjaren halda konsert i kyrkja om kvelden, eller så skulle stryken spela i Fjellheim. Kan henda var dei tre-fire som skulle spela på jule-trefesten i Hegglandsdalen. Eller skulle han halda kurs på Manger, kanskje? Eg snakkar om Ivaren, naturlegvis. Ivar Tvedt. Kulturbyggar og eldsjel i Osbygd gjennom 70 år.

Eit heilt musikkliv åleine

Dei musikalske evnene viste seg tidleg. Alt som tolvåring begynte Ivar Tvedt i Os musikkforening, det vart starten på eit langt liv i musikkens teneste. Frå første stund var han opptatt av å øva, læra meir, få inn musikk-teori, læra å dirigera.

I janitsjaren møtte han jamaldringen og ånds-frenden Henrik M. Lyssand, og det blei starten på ein livslang vennskap og eit livslangt sam-arbeid. I mange år framover utgjorde desse to åleine så godt som eit heilt musikkliv i Osbygd.

Ivar Tvedt var ein gáverik gut som hadde mange interesser og talent. Ved sida av musik-ken var det teikning som stod hjarta nærast. Aller helst ville han bli arkitekt, men det var langt mellom skillingane i dei dagar, og den kostnaden var knappast å tenkja på. Men teik-ning og måling dreiv han med heile livet. Han tok fleire teiknekurs, og saman med m. a. Kåre Kristiansen og Annanias Skorpen var han med og stifta Os malarklubb.

Janitsjaren og stryken

I janitsjaren var trompeten Ivaren sitt instru-ment. Men han lærte seg også å spela fiolin, og var i mange år ein trufast medlem i stryken. Dessutan var han med i mindre grupper som spelte til gravferder, juletreffar eller andre tilstellingar. Ivaren var aldri gjerandslaus.

I 1930 gjekk stryken saman med janitsjaren i Os musikkforening. Same året overtok Ivar leiinga av janitsjaren, og han sette i gang med å læra opp nye folk. Det blei det gode resultat av. Frå 1934 var han formann i laget i seks år på rad, i tillegg til at han heile tida dirigerte minst eitt av orkesterane. Etter at gamle Fjell-heim brann i 1936 var Ivaren ein av drivkref-tenene bak reisinga av nye Fjellheim, som vart innvigd to år seinare.

Rakk å gifta seg

Ungdomstida var i det heile svært travel for Ivar Tvedt. Han som andre måtte arbeida for levemåten, og i tillegg hadde han alle hob-byane, først og fremst musikken. Dessutan var han oppteken med å ta handelsutdanning på kveldstid.

Han begynte som diskenspringar på "Frenin-gen" (Os forbruksforening), og etter kvart vart han tilsett som kontormann ved lensmanns-kontoret. Seinare vart han kasserar og bok-haldar ved Os elektrisitetsverk. I tillegg var han tidvis kasserar og bokhaldar for Bøe & Lepsøy.

Ein kan trygt seia at han brukte døgnet på begge sider. I 1940 fann han likevel tid til å gifta seg med Augusta Saure, og dei fekk to jenter; Olaug og Synnøve.

Sjølveste Harmonien på besøk

I dei første krigsåra var Ivar Tvedt og Henrik

Lyssand dirigentar i musikkforeninga, men det vart stadig vanskelegare å driva kulturar-beid i det okkuperte Norge. Krigen tok heldig-vis slutt, og det vart igjen full fart i det lokale kulturlivet.

Landsskyttarstemna i 1947 og Osmønstringa to år seinare gav «Musikken» gode høve til å visa at dei hadde sett seg høge mål. Til 50-års-jubileet i 1951 fekk dei sjølvaste Harmonien til å gjesta Fjellheim. Det var første gongen Harmonien reiste ut av byen.

Meir innsats for musikken

For å auka rekrutteringa til Os musikkforening skipa Ivar Tvedt og Karl Lien gutemusikken i 1947. Eit par år seinare gjekk gutemusikken inn i musikkforeninga.

Ivaren var elles fødselshjelpar og konsulent for å få oppretta musikklag i mange av krin-sane i Os, og han heldt fram som instruktør og dirigent i fleire av dei. Også i Eikelandsosen la han ned eit stort arbeid for musikklaget. Han var engasjert i Hordaland musikklag som tillitsvald og instruktør, og gjorde ein stor inn-sats på dei kjente Manger-kursa i årevis.



To gode vener: Ivar Tvedt (t.v) og Henrik M. Lyssand.



Dottera Olaug var den første jenta som spelte i janitsjaren. Ho kan elles fortelja at når faren kom frå arbeid om ettermiddagen, så måtte han berre sluka maten, for han hadde så mange oppgåver vidare utover kvelden.

Nestor i skulemusikken

Ivaren hadde så stor ei arbeidskraft, og var så iherdig i alt han dreiv med, at det vil føra for langt å nemna alt han var med på. Knappt nok er det nokon som veit om alt, heller. Noko av det eg trur han vil bli hugsa lengst for, er den store innsatsen han gjorde for skulemusikken i Os. Han var med og starta skulekorpset, der han var dirigent i 25 år. Det vitnar om den brennande interessa han hadde for musikk, men fortel også mykje om det gode laget Ivaren hadde med barn og ungdom. Det bør også nemnast at han tidvis instruerte/dirigerte trekkspelklubben. På sine eldre dagar overtok han som dirigent i pensjonistkoret etter Henrik Lyssand.

Musikkmiljøet forstod tidleg kva kapasitet Ivar Tvedt var. Dei har visst å setja pris på og markera innsatsen hans, og han har fått ei mengd utmerkingar (sjå eigen boks).

Verna om naturen

Miljøarbeid var eit anna felt som Ivaren brann for. Gjennom mange år trålte han Os-naturen, og var lommekjent frå Strøno til Øvredalen. Han var ein ivrig vandrar og brukar av turisthyttene i den norske fjellheimen.

Ikkje minst var det viktig for Ivar Tvedt å ta vare på dei spesielle verdiane og dei grønne lungene i sentrum. Særleg var han opptatt av å verna om kyrkja og prestegarden, og han representerte Venstre i den store skulestriden då ungdomsskulen vart bygd på prestegarden. Sidan arbeidde han for å behalda Gamleheimshagen og Kyrkjeflaten som grønne lunger i miljøet på Osøyro.

Ivar Tvedt var med og stifta Tverrpolitisk bygdeliste, og kjempa mot reisinga av Sentrums-kvartalet, som han såg på som ein framandlekam på strandstaden Osøyro.

I 1979 starta han Os natur- og miljøvernlag, der han straks fekk mange unge med seg.

«Alle eldar brenner ut omsider», heiter det i Håvamål. Det gjaldt ikkje for Ivaren. Ein må berre bøya seg i støvet for den lange og iherdige innsatsen han gjorde til beste for bygda, kulturlivet og miljøet. Han hadde ein

ståpåvilje og ei stayerevne som berre er nokre få forunt, for å nytta moderne formuleringar. Ivar Tvedt var ein som gjorde Osbygdo rikare.

Utmerkingar:

- Kongens fortensmedalje i sølv
- Sølvtrumpeten, Norges musikkorpsforbunds høgste utmerking
- Bygdaprisen for Os
- Norske kommuners sentralforbunds heidersteikn
- Æresmedlem i Os musikkforening, Hordaland musikklag, Os skulekorps, Norges Miljøvernforbund

Tekst: *Anders Hauge*



Djupnesyn

Schæferen hadde rive opp heile kinnet hans på langs, og etter det hadde han ikkje vore i stand til å bevega venstre side av ansiktet. Legane hadde lappa han saman så godt dei greidde, men dei tapte nervane og musklane kunne ikkje lækjast. Heller ikkje auget. Han visste ikkje når i baksinga med det svære, brunsvarte beistet at auget hadde gått tapt, men han såg det for seg mange gonger i ettertid. Korleis ei av dei kvasse, gule tennene hadde treft han, rive opp augelokket, og korleis auget hadde sprukke som ein ballong, med væsker han ikkje kunne namnet på rennande ned kinnet. Han hadde sett ein film ein gong, ein gamal

kunstoffilm der nokon skar opp auget til ei dame, og korleis auget plutseleg var noko heilt anna enn eit auge, som ein frukt eller eit bær eller eit egg kor plomma framleis var intakt, men rennande utover i eit kort glimt før biletet skifta. Han kunne hugsa at han skreik då han kjente tennene dra huda av ansiktet, men han visste ikkje om det var i smerte eller skrekk eller raseri.

Nokon hadde kome springande, ringt politiet, klart å jaga vekk hunden. Seinare tok politiet eigaren. Både eigaren og offeret måtte sona, men då offeret vart lauslaten, vart eigaren tvangsinnlagt på ein institusjon. Om det

var avvenning eller psykiatrisk, tydde ikkje så mykje. Det viktigaste var at han heldt seg borte. Schæferen vart avliva.

Han betalte aldri tilbake dei pengane. Han trengte ikkje det. Klart han fekk kompensasjon for skadane, men denne kompensasjonen gjekk med på å betala bota. Etter han hadde sona dei åra han skulle, tilbød samfunnet han ein ny start, og han tok imot med opne armar. Han jobba på verkstaden kvar dag. Leigde eit kjellarhusvære med seng og TV. Gjekk aldri gjennom smaua han gjekk gjennom før. Unngjekk dei gamle kollegaene. Han visste ikkje eigentleg noko om dei, og det visste dei, så



Foto: Vidar Langeland

dei lét han vera i fred. Livet hans var bygd på rutinar. Kvar dag, klokka halv åtte, gjekk han ut døra, til venstre ved porten, fem hundre meter oppover gata forbi det grønne huset, til høgre og inn på verkstaden. Der gjorde han det arbeidet han kunne. Etter kvart hadde han lært seg å leva utan djupnesyn, og dytta ikkje lenger kaffikoppar ned frå benkane når han var ukonsentrert. Han hadde til og med fått litt opplæring i enkel mekking på motorane. Han likte det. Fysisk arbeid, ikkje berre rekneskap.

Men fortida la seg aldri bak han, sjølv om det gjekk eitt år og tre år og fem. Når du har

glasauge og berre kan smila halve smil, er du dømt til spørsmål for resten av livet.

Det grønne huset i gata hans hadde vore til sals ein stund, men ein dag i november var skiltet utanfor vekke, og to dagar seinare stod ei lita raud og gul plasthuske i hagen, bolta ned i det tørre graset under frostdekket. Han var ikkje ein slik som besøkte nye naboar, eller naboar generelt, men han likte å veta kven som var ein del av røynda hans. På postkassen deira var det eit nytt, blankt skilt med eit norsk etternamn.

På veg tilbake frå verkstaden stoppa han i nærbutikken og kjøpte mjølk og knekkebrød, for så å ta nok ein liten pause utanfor det grønne huset. Denne gongen syntest han at han kunne høyra barnestemmer. Eit vindauge sto på gløtt, og innanfor kunne han skimta ein stabel med kassar og ei halvvegs montert bokhylle. Så hørde han eit bjeff.

Han hadde vore redd for hundar sida ulykka, men hunden som runda hushjørnet, hunden med det svarte ansiktet, dei spisse øyra, tunga drypande mellom dei gule, kvasse tennene, kvesande, gryntande, med kraftige bein som slo hardt mot bakken... berre synet fekk kjensla av tenner mot hud og sikkell og blod til å krype fram i arret rundt det falske auget. Schæferen bjeffa igjen, og han sprang. Bjeffa følgde etter, men hunden heldt seg innafor gjerdet. Han snudde seg etter om lag femti meter. Plastposen låg velta, men dyret lunta framleis rundt den vesle plasthuska, og han hasta vidare heim til kjellarhusværet sitt.

Neste dag starta han ein ny rutine, som han følgde i fleire veker framover. Ti minutt på halv åtte lukka han døra bak seg, gjekk til høgre ved døra, tok til venstre ned neste gate og gjekk to kvartal opp, for deretter å gå langs ei sidegate til jobben. Ved butikken passa han alltid på å venda hovudet vekk frå det grønne huset, som var synleg frå utgangen der. Han gjekk alltid heim den same omvegen. Om nettene sov han dårleg. Han drøymde at schæferen frå det grønne huset skulle stikka av frå eigarane sine. At han gjekk ut døra og at beistet var der, i hans eigen hage, og venta på å kasta seg over han og riva ut det andre auget hans òg.

Ein dag, då han nok ein gong sovna ved skrivebordet der han førte rekneskap for året

som hadde gått, var det sjefen som bøygde seg over han. Ho sa at det var ikkje meininga å forstyrre, men om det var noko gale, han hadde ikkje sett bra ut den siste tida, var han blitt sjuk? Han svarte nei, men etter å ha tenkt seg om litt fortalte han om hunden. Han var flau medan han snakka, men han visste at han var heldig, at det ikkje var alle som friviljug tilsette menn som ein gong i tida hadde blitt dømt for sal av heroin, og han trivdest jo trass alt med livet han hadde fått, og han ønskte å behalda det.

– Eg tenkjer på å flytta, sa han.

– Men det er vel ikkje den same hunden som beit deg, sa ho. – Han vart vel avliva?

– Jo. Men dei liknar.

– Du risikerer å møta på hundar uansett kor du reiser.

– Eg veit.

– Det går an å bli kurert for fobiar, veit du. Ei eg kjenner var utruleg redd for slangar, og så meldte ho seg på eit sånt kurs. Dei plasserte ho i same rom som ein slange i eit lite bur, og ho fekk nærma seg litt og litt i trygge omgivelser. Og så måtte ho sjå på dokumentarar om slangar og sånn. Det hjalp faktisk, etter kvart klarte ho å ha ein slange rundt halsen utan å bli redd. Er ikkje det ganske imponerende?

– Jo. Men det er berre schæferar eg er redd for. Det er ikkje alle hundar.

– Men du kjem til å møta fleire schæferar i livet ditt enn slangar. Det er viktig å koma over slike ting som det her.

Denne fredagen vart han igjen etter jobb, la rekneskapan vekk og opna eit nettlesarvindauge. Skreiv inn eit ord i toppfeltet, feilstava det første gongen, visste ikkje om det var med vilje eller om han faktisk ikkje visste korleis det skulle skrivast. Han såg lenge og nøye på kvart bilete som kom opp. Det fleste bileta viste schæferar i band, eller liggjande i graset, eller med forskjellige fargar. Nokre var små kvalpar. Ein av dei flekkja tenner og hadde øyrene bakover, og biletteksten fortalte om korleis hundar reagerer på aggressiv åtferd. Han tvang seg sjølv til å sjå ekstra lenge på det biletet, sjølv om han visste at det kom til å heimsøka han om natta, med tennene farga raude av hans eige kjøt. Etterpå tok han den sedvanlege omvegen heim.

Laurdagen drog han inn til byen og kjøpte ein liten pose med tørka grisehalar. Søndagen vart han verande heime, drakk øl frå kjøleskapet, ringte mor si, men nemnte ikkje hunden.

Måndagen tok han vegen forbi det grøne huset til jobb. Han knuga ein grisehale i høgje hand medan han gjekk sakte forbi hagegjerdet. Korkje hunden eller familien var å sjå, men likevel kjendest det som om musklane vart dregne i alle retningar, og det var vanskeleg å få beina til å gå framover.

Det vart ikkje lettare på heimvegen, men han pressa seg til å gjera det. Han pressa seg til å gjera det kvar einaste dag. Til og med dagane han ikkje var på jobben. Til og med då jula kom. Han reiste ikkje heim, tok heller imot besøk av mora og broren og middagsrestane deira i kjellarhusværet første juledag. Då besøket var over følgde han dei ned til busstoppet, og deretter tok han ein omveg rundt butikken og gjekk forbi det grøne huset med grisehalen i handa.

Klokka halv seks presis kvar ettermiddag.
Klokka halv åtte presis kvar morgon.

Ein dag kom hunden ut. Han heldt på å springa, men kom på kva han hadde messa inni seg heile tida. Han måtte bli kjent med han. Visa at han var ein ven. Og han kylte grisehalen mot han, bomma heldigvis med ein meter, og hunden logra og snuste på den tørka halen, greip han mellom dei spisse, gule tennene, svinsa nokre rundar rundt seg sjølv for så å setja kursen rett mot han, på store, tunge potar. Det vart for mykje. Han sprang nedover vegen heim til husværet medan magen vrengte seg, men da han låg på senga med hovudet ned i puta, merka han ei snodig, nesten avslappa kjensle spreia seg i kroppen.

Etter denne dagen stoppa han alltid ved midten av hagegjerdet, sto der i nokre minutt, for så å gå vidare. Håpa at hunden skulle koma ut. Håpa at hunden ikkje skulle koma ut. Han slappa av på jobb. Konsentrerte seg. Jobba meir effektivt.

Kvar dag.

Halv åtte om morgonen.

Halv seks om ettermiddagen.

Ein morgon i februar sto Atle utanfor husværet. Han kjente Atle frå tidlegare. Atle var

politimann. Han hadde hatt litt å gjera med han rundt overfallet, men det var lenge sidan sist dei hadde snakka saman, kanskje heile tre år.

– Hei, sa han perpleks.

– Hei! Var du på veg til jobb? Går det greitt om eg held deg litt igjen?

– Klart.

– Kan eg koma inn?

– Jo da.

Han snudde i døra, og Atle følgde etter.

– Det er fint å sjå at du klarer deg bra, sa Atle, medan han drog ut ein stol ved kjøkkenbordet og sette seg.

– Ja, eg har det ganske greitt ...

– Du skjønar, eg er her fordi nokre naboar av deg har ringt oss. Dei er litt bekymra. Eg berre lurte på ... er det noko du vil dei?

Han rista på hovudet.

– Så det er ikkje slik at du står utafør huset deira kvar dag?

– Jo, det er for så vidt det.

– Har du nokon grunn til det?

– Eg ville berre bli kjent med hunden deira, sa han, og skjønnte med ein gong orda hadde sleppt over leppene hans kor dumt det høyrdes ut.

Så fortalte Atle om dei to barna som ikkje torde leika i hagen på grunn av mannen med det skumle ansiktet. At dei var redde for å gå ut. At dei ikkje torde gå til skulen før han hadde passert huset.

– Men kvifor kunne ikkje foreldra berre sagt frå til meg?

– Dei var vel usikre. Du veit, nokre er slik og nokre er slik. Veit du, eg trur du kan klara dette her utan meg. Ring på og sei du ikkje meinte noko vondt. Forklar kvifor du har oppført deg som du har gjort.

– Han nikka, sjølv om han ikkje likte tanken på å gå inn i huset utan å kunne springa frå hunden.

– Så då gjer du det, då? spurde Atle.

– Ja.

– Flott. Atle reiste seg. Då skal eg ikkje plaga deg meir.

– Det går bra. Heilt fint. Bra at du sa ifrå. Takk.

Atle nølte litt i døropninga. – Du?

– Ja?

– Du har ikkje vurdert noko kosmetisk kirurgi? Kanskje ein lege kunne fiksa så arra dine

ikkje er så synlege?

Han nikka. – Nei, sa han. Det er ikkje arra som er problemet.

Då Atle var gått og han igjen var aleine i husværet, la han posen med grisehalane på kjøkenbenken. Kippa på seg skorne og traska ut i gata. Han tok ikkje omvegen. Stansa ikkje ved det grøne huset. Først framme ved skrivebordet på verkstaden løfta han handa og la ein finger på det venstre auget sitt, der pupillen skulle ha vore. Han pressa inn. Kjende om det gjorde vondt. Kjende ingenting.

Novella er skriven av:

Jenny Sandmo Ellefsen



Bli abonnent du òg!

Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!

OS & FUSA POSTEN

Postboks 273 – 5203 Os
© 56 30 29 50 – Faks 56 30 24 77
E-post: post@osogfusa.no
www.osogfusa.no

Os-elvarar i sølv og gull

Fin gåve for Osingar.
Vert laga som pin,
smykke, slipsnål og
mansjettknapp.

Sølv
Liten pin 175.-
Stor pin 275.-
Lite smykke 225.-
Slipsnål 550.-
Mansjett-
knappar p.p 795.-

Edvard Munch
Eide



Gull

Liten pin 1275.-
Stor pin 2400.-
Lite smykke 1425.-

Liten gull oseiver
På sølv slipsnål
som på biletet øverst
Kr. 1598.-

Torggata 6 i Os sentrum 56 300484 - Amfiseretret Flåten 56 300277

OS BÅTHOTELL
Innelagring av båter
opp til 22 fot

Tlf. 411 42 573

www.osbaathotell.no
Terje Lunde

BESTILL DIN REISE HOS

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

Tlf: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

ÅSÆLEN MØBLER

5212 SØFTELAND
TLF: 56 30 24 00

DRENERING - MURING - SPRENGING

Botnevik Samdrift DA

ALT INNAN GRAVING OG TRANSPORT

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSAR - GRUNNARBEID

Glad i dialekten din og nynorsk?

Støtt mållaget når du tippar.
Gje grasrotandelen din til Os mållag.

Vi har nyleg støtta Søfteland skule med 10 000 kroner til prosjektet Skattekista mi. Siste året i barnehagen får borna ei skattkiste med ord, songar, rim og dikt på nynorsk, slik at dei har gode, felles språkopplevingar med seg inn i skulen.

MATHIASKJELLAREN

på Kuven gard

Rustikt lokale med lun
atmosfære
m/garderobe, kjøkken,
projektor m.m.

Gjestebod, møte og kurs
(inntil
40 personar)

Mob: 970 38 076,
e-post obotnevi@online.no



Din rørleggjarbutikk på Os

Engevik Rørleggerservice.

Landboden 15, 5200 Os
Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91
Mobil 90 78 68 98




Vi tilbyr alle tenester innanfor røyrleggarfaget, som:

Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg

Leverer og installerer varmepumper

*Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg
Servicearbeid på tekniske anlegg
Tv-inspeksjon av røyr og kanaler
Lokalisering av røyr og kablar*

 **SAMDAL AS**
vvs-Inspeksjonstjeneste
POSTBOKS 226, 5201 OS
TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50

 **APOTEK1 OS**

Postboks 94 - 5202 OS

Åpningstider: kvardagar frå 09.00 til 18.00
 laurdag frå 09.00 til 15.00.

Os ungdomslag



Steindalsætra

Eit fint turmål både for eldre og yngre.
Foreiningar, lag og skuleklassar kan leige sætra.

Os ungdomslag
Tlf. 922 07 884

Klær for heile familien



Tlf 56 30 23 80

Det er vi som
tenner borgalyset!

Os kulturutvikling

*Os internasjonale
skulptursymposium,
vognhallen,
borgalyset,
Snøgg*



Telefon: 56 30 34 10

www.sculpture.no

Vi støttar det lokale kulturmiljøet!

*Hjå oss får du alt du treng av bøker og rekvisita.
Vi har òg mange godbitar frå ditt lokale miljø!*

Osøyro; **libris**

5200 Os
Tlf: 56 30 04 30 | osoyro@libris.no
Kvardagar frå 0900-1800, laurdagar frå 0900-1500

OS MÅLLAG

SKIPA 1920
*Styret Os Mållag
Marie Hauge (leiar)
Eldbjørg Kræmmer
Mari Lyssand
Nils Olav Næss
Ole Jacob Abraham
Målfrid Tveit Vaage*

Velkomen som medlem!

Ta kontakt med eit av styremedlemene.



A.S OS FARGEHANDEL INTERIØREN

Steinneset - 5200 Os
Telefon: 56 30 03 80 - Telefax: 56 30 14 72

Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -
for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 44 90 - 5201 OS



Bank fra A til Å



**Vi leverer blomar
til butikkar over
heile Vestlandet**

BLOMSTER
as Lyssand

